



Mjåtveit AS  
Kjedalen 21A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5164 - 21/43537

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
21.06.2021

## Løyve til seksjonering GBNR 322/13 Mjåtveit

**Administrativt vedtak: Saknr: 711/21**

### **VEDTAK:**

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 16 eigarseksjonar for sameiet «Mjåtveitstø nr 24, 26 og 28- Gnr 322 Bnr 13», på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonsplan, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-16 er bustadseksjonar der alle seksjonar har sameigebrøken- 1/16.

Alle 16 seksjonane har tilleggsareal B i form av terrasser utanfor bueiningane.

Alle seksjonane – forutan Snr 7,9,10 og 12 har også tilleggsareal B i form av utvendige.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for alle seksjonseigarane.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen. ( Same som i løyvet)

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 322/13 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

### **Saka gjeld**

Kommunen har motteke søknad, datert 25.05.21, om seksjonering av eigedommen gbnr 322/13 med adressene Mjåtveitstø 24A-F, 26A-D og 28A-F. Søknaden vart sendt på e-post til kommunen 01.06. Søknadskjema med originale signaturar vert levert kommunen.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av 1 seksmannsbustad ( BBB1), 1 4-mannsbustad ( BKS1) og 2 rekkjer med 3 bueiningar/rekkjehus ( BKS2 og BKS3).

## Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane. Arealet som skal tilhøyre denne eigedommen etter nært foreståande frådelling av vegareal i vest, er skravert i kartet. Kommunen har påført denne teksten på kartet over vearealet: Ikkje skravert areal er vegareal som vert delt i frå eigedommen 322/13.
- Planteikningar ( 8 vedlegg) av bustadbygga over 1. og 2. plan , der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive. Alle seksjonane har tilleggsareal B i form av terrasser utanfor leiligheitene. Alle seksjonane forutan snr 7,9, 10 og 12 har også tilleggsareal B i form av ute/sportsbodar ( desse har tilkomst til bodane inne frå hovuddel). Kommunen har påført TS 8 og TS 11 på sportsbodar for mellomste av dei 3 rekkjehusa - på teikning over 1. plan BKS2 og BKS3, då desse har inngang til boder på utsida av hovuddelen til seksjonen.
- Vedtekter for sameiet Mjåtveitstø nr 24, 26 og 28- Gnr 322 Bnr 13, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er signert, både som innsendar og heimelshavar for firmaet Mjåtveit AS, av dagleg leder Helge Brakstad og styreleder Anne Dale Brakstad ( sendt inn av Merethe Svarstad i Arcoconsult). Stian Gripsgård ved Gripsgård bygg er oppgitt som kontaktperson for innsendar.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

## Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1c) er gebyret for 16 seksjonar kr 20.020,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

## Regelverk

- Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/5164»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om seksjonering - godkjent  
Situasjonsplan seksjonering gbnr 322-13 gk  
12618090A54 - SEKSJONERING 1. PLAN BBB1 (1)  
12618090A55 - SEKSJONERING 2. PLAN BBB1 (1)  
12618090A56 - SEKSJONERING 1. PLAN BKS2 (1)  
12618090A57 - SEKSJONERING 2. PLAN BKS2 (1)  
12618090A50 - SEKSJONERING 1. PLAN BKS3 (1)  
12618090A51 - SEKSJONERING 2. PLAN BKS3 (1)  
12618090A52 - SEKSJONERING 1. PLAN BKS1 (1)  
12618090A53 - SEKSJONERING 2. PLAN BKS1 (1)

**Kopi til:**

Arkoconsult AS  
Gripsgård bygg

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakarar:**

Mjåtveit AS

Kjedalen 21A

5918

FREKHAUG